



Arkoconsult AS v/Tom Andre Sivertsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1597 - 14/6304

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

24.03.2014

Rammeløyve for etablering av bustad på gbnr 188/784 Gjervik Ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 33/14

Vedtak

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av bustad med hybelleiligheit med BYA på 158,9 m2 som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 14.02.2014 , jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før igangsettingsløyve vert gjeve, skal følgjande dokumentasjon vera sendt inn og godkjent av bygningsstyresmaktene:

a Søknad om tilknytning til offentleg vatn og avlaup

b Søknad om ansvarsrett for heile tiltaket

c Oppdatert gjennomføringsplan

d Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Tiltaket vert ikkje tillete satt i gang før det ligg føre løyve til igangsetjing.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl § 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Arkoconsult AS org.nummer 997089782	S	SØK Ansvarleg søkjer T1 PRO Arkitektonisk utforming og brukbarhet T1

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden gjeld rammeløyve for bustad med hybelleiligheit. Det er sendt inn søknad om ansvarsrett for funksjon SØK og PRO.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av reguleringsplan for Langheiane vedtatt 06.07.2011.

Tomta er regulert til bustadføremål, og plassering av bustad er i samsvar med regulert byggegrense.

Veg og tilkomst

Tilkomstveg til bustad er privat. Det er søkt til Teknisk Drift hos kommunen om utvida bruk av avkøyrsløse til kommunalveg i frå denne private tilkomstvegen.

Uteopphaldsareal og parkeringsløyvsningar

Det er av søkjar opplyst at bustaden vil ha eit areal sett av til uteopphald på ca 160 m², dette er godt innafor kravet satt i § 3.1.2 i gjeldande reguleringsplan.

Plassering og høgdeplassering

Høgdeplasseringa vert godkjent til OK gulv kote + 79,0, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2 jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatuttreknast, før utsetting av hushjørner på tomta.

Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Vatn- og avlaup

Før igångsettingsløyve vert godkjent må det søkjast til kommunen om tilkobling til offentleg vass- og avlaupsanlegg.

Oppsummering og konklusjon

Det er søkt om rammeløyve for etablering av bustad med hybelleiligheit. Det er sett vilkår som syna i vedtaket, og desse må vere oppfylt før det kan søkjast om igångsettingsløyve for tiltaket.

Administrasjonen finn med dette å kunne godkjenne rammeløyve i samsvar med innsendte kart, skildring og dokumentasjon.

Gebyr

Søknadspiktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2b Ny bueining	1	13.000
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	1	1.050
C.1.1 Bruk av kartbasis	1	500
Totalt gebyr å betala		14.550

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fv. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Rune Alver Nilsen

Mottakarar:

Arkoconsult AS v/Tom Andre
Sivertsen